

Kjære medlemmar,

22. Mars 2024

Påska er like om hjørnet og både årsmøtet og Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi er over for denne gongen. Takk til kongresskomiteen, alle som deltok og alle som bidrog med faglege innlegg på kongressen, vi seier som ei på kongressen "eg blir så inspirert!". Første dagen handla om kommunikasjon, der blant anna Merete Welhaven-Steen fra Lillehammer sykehus engasjerte heile salen i sitt innlegg om **«Barnefysioterapeutens rolle i krysningsfeltet psyke-soma i relasjon med de aller minste barna»**. Psykologspesialist Maren Lindheim snakka om **«Hypnose og betydningen av det terapeutiske språket for stress og smerteregulering»**. Mange var nok overraska over at "hypnose" blir brukt om noko som vi fysioterapeutar kanskje kaller avledning.

Andre dagen handla om nevroutviklingsforstyrrelser, noko av det kan de blant anna lese om her [Dag to på kongress - "Brannfakler" om nevroutviklingsforstyrrelser](#) Tredje dagen handla om fysioterapi i den digitale tidsalderen. Det er imponerende kva fysioterapeut Lars Adde ved St.Olavs hospital har vore med å utvikle av digitale verktøy for tidleg diagnostikk av spedbarn. Innovativ er også fysioterapeut Lene Ziener som tok kontakt med Lars Peder Bovim frå Høyskolen på Vestlandet etter hans innlegg om digitale verktøy på kongressen i barne- og ungdomsfysioterapi i Bergen i 2023. I løpet av dette året har dei utvikla ein sal-stol og tilpassa eit VR-spel, for å kunne simulere ridning. Dei er nyleg registrert som legemiddelfirma, og dette vil truleg bli eit produkt å søke på. Styremedlem Vegard Søberg Kristiansen la fram case med korleis han har brukt VR i opptrening med ungdom etter langt sykehusopphald. Ei påminning om at vi som fysioterapeutar må bli med på utviklinga- barn og unge blir ofte motiverte av digitale spel (sjølv om vi kanskje ikkje blir det). Brukerperspektivet må også omfatte spelverden... Det vil kome fleire reportasjar om kongressen i tidsskriftet vårt.

Neste år arrangerast "Fysioterapikongressen 2025", den blir på Gardemoen frå 13.-15. mars. Vi har fått med fleire relevante tema for barn og unge på programmet. I 2026 skal Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi vidare til sør-vest- landet. Så ta kontakt om du har lyst til å vere i kongresskomiteen i f.eks. Stavanger eller Kristiansand!

Årsmøtet 2024 utvida stipendbeløpet til kr 70 000 per år (frå kr 50 000) året før. Dette fordi faggruppa har god økonomi som skal kome medlemmane til gode: [Søk stipend til kurs og fagutvikling! Søknadsfrist 1. april](#). Husk at du kan søke Fysiofondet om dekning av reise og opphald og faggruppa om stipend for kongressavgift.

Vi oppfordrer alle til å svare på denne spørreundersøkinga: [Nasjonalt kompetansemiljø for helsestasjon- og skolehelsetjenestens spørreundersøkelse 2024 - FHI](#) Vi oppfordrer også sterkt til å melde på det gratis fagseminaret som blir arrangert av det nye kompetansemiljøet like ved Værnes flyplass 6.-7. juni <https://nettskjema.no/a/fagseminar2024#/page/1>

Årsmøtet 2024 satte av kr 25 000 til midlar som faggruppa kan bruke til å jobbe for å få fleire fysioterapeutar inn i BUP. Vi vil blant anna samarbeide med dei fysioterapeutane som arbeider i BUP rundt omkring, så ta kontakt med barneogungdom@fysio.no om du jobber i BUP!

God påske frå oss i faggruppestyret 2024-2025;

Ingunn Skogseth-Stevens, Tonje Thon, Ina Ekker, Linn Helgesen, Vegard Kristiansen og Karoline Myklebust